



## Møteprotokoll for Utval for helse og omsorg

**Møtedato:** 12.10.2021

**Møtestad:** Helsehuset - møterom Nordhordland

**Møtetid:** 12:00 - 16:40

Etter sakshandsaming var det omvising for utvalet i Helsehuset.  
Møtet vart strøyma.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Ståle Juvik Hauge	AP	Utvalseiar
May-Irene Wergeland	SP	Nestleiar
Sølvi Gripsgård Knudsen – permisjon frå kl. 16.20	SP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Roy Bø	UAVH	Medlem
Thore Helland	SP	Medlem
Hendrik Weber	R	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Kjersti Vikebø Nesse – permisjon frå kl. 15.00	AP	Kirsti Gjetle Floen - AP

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Leni Dale-kommunalsjef, Helge Kvam-Fagansvarleg helse og omsorg adm,  
Eirik Utne-tenesteleiar kultur, Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Kari Hesjedal-  
avdelingsleiar Forvaltningskontoret, Kjersti Risa Marøy-tenesteleiar  
Helsestasjon- og jordmortenesta, Bernt Fjordheim-tenesteleiar  
Habiliteringstenester Arthur Kleiveland-møtesekretær

---

Prosjekt fag- og tenesteutvikling Nordhordland helsehus – orientering v/Anne  
Hildegunn Færøy-prosjektleiar/samhandlingskoordinator Region Nordhordland.

## **Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
025/21	Godkjenning av innkalling og saksliste
026/21	Godkjenning av møteprotokoll 31.08.2021
027/21	Avlastningstiltak for barn og unge i Alver kommune
028/21	Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031
029/21	Meldingar til utval for helse og omsorg 12.oktober

## **025/21: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

### **Utval for helse og omsorg 12.10.2021:**

#### **Behandling:**

Utvalsleiar Ståle Hauge gjorde framlegg om følgjande endring på sakslista:  
Orientering om matkjøring på Radøy vert gitt først i møtet.

Utvalet godkjende samråystes innkalling og saksliste, med endringsframlegg frå utvalsleiaren.

#### **HO- 025/21 Vedtak:**

Innkalling og sakspapir vert godkjend.

## **026/21: Godkjenning av møteprotokoll 31.08.2021**

Møteprotokollen vert godkjent.

### **Utval for helse og omsorg 12.10.2021:**

#### **Behandling:**

Utvalet godkjende samråystes møteprotokollen for 31.08.2021.

#### **HO- 026/21 Vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent.

## **027/21: Avlastningstiltak for barn og unge i Alver kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- a. Kvisten avlastningsbustad får auka kapasitet med 3 plassar. Samla kapasitet etter auke vert då 8 plassar
- b. Kommunen reduserer kjøp av private avlastningstenester. Det er ein føresetnad for reduksjon kjøp av teneste at målgruppe opprettheld kvalitet i tenestetilbod i kommunal regi.
- c. Starte arbeide med å finne eigna lokaler for å samlokalisere avlastningstiltaka som i dag vert gitt i Røsvikrenen i Knarvik, Havnevegen på Frekhaug og på Ostereidet. Målet er betre kvalitet og kostnadseffektiv drift.

**Ungdomsråd 07.10.2021:****Behandling:**

Orientering i saka v/Bernt Fjordheim

**UR- 040/21 Vedtak:**

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.  
Samrøystes

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 11.10.2021:****Behandling:****Framlegg:**

Rådet er samd i at kommunen i minst mogleg grad kjøper private avlastingstenester, (jf pkt. b i rådmannen sitt framlegg).

Vi kan støtta pkt. a, men er tvilande m.o.t. om det er heldig å ha såpass mykje som åtte plassar på éin stad. Vidare kan bygget framstå noko institusjonsprega, og somme kan dermed oppleve det som stigmatiserande å vera på avlasting der. Ut frå dette bør det vurderast om denne løysinga kan vera mellombels, og at ein tek sikte på å finna ein lokasjon som er betre eigna.

Når det gjeld pkt. c, må det leitast i heile kommunen etter eigna lokasjoner, og her òg er det viktig at det ikkje vert for mange plassar på éin stad. Når vurderingsgrunnlaget er klart, må saka tilbake til politisk handsaming.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**RMNF- 040/21 Vedtak:**

Rådet er samd i at kommunen i minst mogleg grad kjøper private avlastingstenester, (jf pkt. b i rådmannen sitt framlegg).

Vi kan støtta pkt. a, men er tvilande m.o.t. om det er heldig å ha såpass mykje som åtte plassar på éin stad. Vidare kan bygget framstå noko institusjonsprega, og somme kan dermed oppleve det som stigmatiserande å vera på avlasting der. Ut frå dette bør det vurderast om denne løysinga kan vera mellombels, og at ein tek sikte på å finna ein lokasjon som er betre eigna.

Når det gjeld pkt. c, må det leitast i heile kommunen etter eigna lokasjoner, og her òg er det viktig at det ikkje vert for mange plassar på éin stad. Når vurderingsgrunnlaget er klart, må saka tilbake til politisk handsaming.

**Utval for helse og omsorg 12.10.2021:****Behandling:**

Bernt Fjordhem-tenesteleiar habiliteringstenester orienterte.

May-Irene Wergeland-SP ba om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Wergeland fram følgjande tilleggsframlegg til punkt c i rådmannen sitt framlegg:

*Utvælt bed om at rådmannen kjem attende med ei sak om lokalisering i Alver, val av bygg/nybygg og muleg total økonomisk gevinst ved ei samlokalisering av tiltaka som ovanfor er namngitt som aktuelle.*

Utvælet vedtok samråystes rådmannen sitt framlegg, med tilleggsframlegg frå Wergeland.

**HO- 027/21 Vedtak:**

- a. Kvisten avlastningsbustad får auka kapasitet med 3 plassar. Samla kapasitet etter auke vert då 8 plassar
- b. Kommunen reduserer kjøp av private avlastningstenester. Det er ein føresetnad for reduksjon kjøp av teneste at målgruppe opprettheld kvalitet i tenestetilbod i kommunal regi.
- c. Starte arbeide med å finne eigna lokaler for å samlokalisere avlastningstiltaka som i dag vert gitt i Røsvikrenen i Knarvik, Havnevegen på Frekhaug og på Østereidet. Målet er betre kvalitet og kostnadseffektiv drift.  
Utvælet bed om at rådmannen kjem attende med ei sak om lokalisering i Alver, val av bygg/nybygg og muleg total økonomisk gevinst ved ei samlokalisering av tiltaka som ovanfor er namngitt som aktuelle.

**028/21: Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner følgjande:

- a. Alver kommune sluttar seg til innhald og føringar i «Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031», og forpliktar seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei tema som planen omhandlar jamfør vedlegg.
- b. Alver kommune sluttar seg til at Kommunalsjefgruppa for helse og omsorg i Nordhordland får i oppdrag å koordinera og organisera oppfølging av prioriterte område i planen.
- c. Alver kommune sluttar seg til at det vert utarbeidd handlingsplan for konkretisering av tiltak knytt til dei prioriterte områda, og at Rådmannsutvalet får mandat til å godkjenna tiltak i handlingsplan.
- d. Alver kommune legg til grunn at konkrete tiltak som forpliktar må forankrast i kommunen, og kommunen kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid sjølv om ein har slutta seg til planen.

**Ungdomsråd 07.10.2021:**

**Behandling:**

Orientering i saka v/Leni Dale

**UR- 041/21 Vedtak:**

Ungdomsrådet støtter rådmannen sitt framlegg til vedtak.  
Samråystes

**Eldreråd 11.10.2021:****Behandling:**

Leni Dale-kommunalsjef orienterte i saka.

Eldrerådet tar saka til orientering og ber om å bli orientert om oppfølginga av planen.

Elles ingen merknader.  
Samrøystes vedteke.

**ER- 038/21 Vedtak:**Eldrerådet kjem med følgjande uttale:

Eldrerådet tar saka til orientering og ber om å bli orientert om oppfølginga av planen.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 11.10.2021:****Behandling:**

Ingen merknader, samrøystes.

**RMNF- 041/21 Vedtak:**

Ingen merknader.

**Utval for helse og omsorg 12.10.2021:****Behandling:**

Utvalet slutta seg samrøystes til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**HO- 028/21 Vedtak:**

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande innstilling:

Kommunestyret godkjenner følgjande:

- a. Alver kommune sluttar seg til innhald og føringar i «Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031», og forpliktar seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei tema som planen omhandlar jamfør vedlegg.
- b. Alver kommune sluttar seg til at Kommunalsjefgruppa for helse og omsorg i Nordhordland får i oppdrag å koordinera og organisera oppfølging av prioriterte område i planen.
- c. Alver kommune sluttar seg til at det vert utarbeidd handlingsplan for konkretisering av tiltak knytt til dei prioriterte områda, og at Rådmannsutvalet får mandat til å godkjenna tiltak i handlingsplan.
- d. Alver kommune legg til grunn at konkrete tiltak som forpliktar må forankrast i kommunen, og kommunen kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid sjølv om ein har slutta seg til planen.

**029/21: Meldingar til utval for helse og omsorg 12.oktober**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

**Utval for helse og omsorg 12.10.2021:****Behandling:**

Det vart lagt fram følgjande meldingar/orienteringar:

- Matkjøring på Radøy - orientering v/Eirik Utne-tenesteleiar kultur
- Gjennomgang av tal sjukeheimslassar, omsorgsbustadar pluss og andre institusjonslassar innan helse og omsorg, inkludert kapasitet, kjøp av lassar i andre kommunar og venteliste – orientering v/Kari Hesjedal-avdelingsleiar Forvaltningskontoret
- Status parkeringsløyve – prosess søknad/svar – v/Kari Hesjedal-avdelingsleiar Forvaltningskontoret
- Prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift – status v/Helge Kvam- Fagansvarleg helse og omsorg adm.
- Framdrift kommunedelplan Helse, sosial og omsorg – Helge Kvam- Fagansvarleg helse og omsorg adm.
- Framlegg til Politisk møteplan 2022 (vedlegg)
- Handlingplan mot vald i nære relasjonar – orientering v/Kjersti Risa Marøy- tenesteleiar Helsestasjon- og jordmortenesta
- Prosjekt fag- og tenesteutvikling Nordhordland helsehus – orientering v/Anne Hildegunn Færøy-prosjektleiar/samhandlingskoordinator Region Nordhordland.

Etter møteslutt fekk utvalet omvising i Helsehuset v/Anne Hildegunn Færøy- prosjektleiar/samhandlingskoordinator Region Nordhordland.

Utvælet tok meldingar til orientering.

**HO- 029/21 Vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.